



**A L V E R**  
KOMMUNE

# **Retningsline for organisering av lekhjelptilbodet i dei offentlege grunnskulane i Alver kommune**



Alver kommune skal gje tilbod om gratis leksehjelp i grunnskulen. Dette er heimla i opplæringslova § 1 3-7a:

«Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.

Tilboden skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.»

I Alver kommune blir denne leksehjelpana lagt til 5.-10. trinn, og skulane har delegert ansvar til å organisere leksehjelpana ut frå lokale prioriteringar og storleik.

Saka har vore til høyring til skule og rådsorgan.

Innspel som kom fram i høyringa, vart vurdert før politisk vedtak, fatta i utval for oppvekst, kunnskap og kultur den 15.3.21 .

Vi ber alle gjere seg kjend med innhaldet og oppmodar skulane om å involvere elevane både i førebuande arbeid og i årlege evalueringar.

Lukke til med arbeidet.

Kristin Moe  
Kommunalsjef oppvekst

Jan Ove Johansen  
Tenesteleiar skule

## ORGANISERING AV TILBOD OM LEKSEHJELP

### I DEI OFFENTLEGE GRUNNSKULANE I ALVER KOMMUNE

#### Bakgrunn

Kommunen pliktar å ha eit tilbod om gratis leksehjelp i grunnskulen. Dette er heimla i opplæringslova § 13-7a:

«Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen. Tilboden skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.»

I Forskrift til opplæringslova, § 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen, er rammene for leksehjelpordninga skissert:

«Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timer kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.

Kommunen er ansvarleg for leksehjelpa og vel korleis leksehjelpa skal organiserast.

Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilboden som gis.

Kommunen plikter å sørge for forsvarleg tilsyn med elevane i leksehjelpa. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skolefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottekk leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld også for elevar som ikkje deltek i skolefritidsordninga elles.»

Dei tidlegare kommunane Radøy, Meland og Lindås har hatt ulik organisering av tilboden om leksehjelp, og dette har vore vidareført inn i Alver kommune. Frå skuleåret 2022/23 etablerer vi ein felles praksis i høve til leksehjelp i dei offentlege grunnskulane i kommunen.

## Rammer for tilbod om leksehjelp

### Organisering

Tilbod om leksehjelp blir lagt til 5.-10. trinn, med følgjande fordeling av timane:

Mellomtrinn: 5 timer i veka, fordelt på 5.-7. trinn

Ungdomstrinn: 3 timer i veka, fordelt på 8.-10. trinn

Timane kan organiserast fleksibelt ut frå skulen sine prioriteringar og storleik, men alle skulane skal ha eit tilbod i samsvar med timefordelinga for mellomtrinn og ungdomstrinn.

Timane kan plasserast før undervisning, som ein midttime i skuledagen eller leggjast til etter undervisninga på slutten av dagen.

Den einskilde skule avgjer kva namn dei vil bruke på tilboden.

Elevar og føresette skal få informasjon om tilboden frå skulen.

### Medverknad

Organisering av leksehjelp ved den einskilde skule skal drøftast i lokalt elevråd og i dei andre rådsorgana. Alle skulane må sikre god elevmedverknad før endleg organisering blir fastsett.

### Bemanning

Rektor er ansvarleg for organisering og bemanning (kompetanse) på leksehjelp. Gruppa må ikkje vere større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg.

### Betaling

Det skal vere gratis for elevane å delta på leksehjelp.

### Evaluering

Den einskilde skule skal årleg evaluere leksehjelpordninga, og elevane skal vere tett involvert i denne evalueringa (korleis fungerer leksehjelpa hjå oss, korleis kan den bli betre?).

### Skyss

Elevane har ikkje rett på gratis skyss etter leksehjelp.